

Kyrkjeblad for Fjaler

Nr.1 mars 2009

67. årgang



STORST AV ALT

STORST AV ALT

God påske!

Jesus, min bror ...



Soli Deo Gloria - måleri av Kjell Stig Amdam

Jesus, min bror, du veit
kva det vil seie å komme til sine egne
utan å bli tatt i mot.
Jesus, min bror, du veit
kva det vil seie å gråte ved grava til ein god venn.
Jesus, min bror, du veit
korleis menneskerop kjennest som piskaslag
mot kroppen;
tause rop etter å bli sett og forstått,
verdsett og elska,
slik som ein er.

Getsemane

Jesus, min bror, du veit
korleis det er å kjempe;
kjempe med einsemd og dødsfrykt
medan vennene søv.

Skjærtorsdag

Jesus, min bror, du veit
kva bordfelleskap kan bety
og smaken av Gud-fylt nærver.

Langfredag

Jesus, min bror, du veit
at mørket frå det å kjenne seg gudsforlatt
kan kvele håpet.
Jesus, min bror, du kjenner
den skjelvande otten for øydelagt liv
og lengten etter trygg varetekt.

Påskedag

Jesus, min bror, du veit
at døden må vike for gudsríkets krefter,
at din siger kan bli vår siger,
at ditt "fullbrakt" også gjeld oss.
Jesus, min bror, du er og lever
i draumen om nyskapt liv.

**Jesus, min bror og dørøpnar,
sann Gud og sant medmenneske,
takk at du kom oss så nær.
Du har vist meg kven Gud er.**

På Kyrkjebakken

NYE TELEFONNUMMER

Fjaler kyrkjekontor har fått nye telefonnummer der kvar tilsett, med kontor plass på kyrkjekontoret, har fått direktenummer til sitt kontor. Oversikt over dei nye telefonnummerna finn du i den faste spalta på side 15.

HJARTELEG TAKK FOR GÅVER !

Takk til Dale Bygdekvinne lag for "julegåva" på 1.000 kr i gåve til Laurdagsklubben i Dale.

Takk til Fjaler Sparebank for gåva på 1.500 kr til Laurdagsklubben i Dale.

Takk for 300 kr i minnegåve til Guddal kyrkje gitt ved gravferda til Hans J. Hovlandsdal 22.12.2008.

Takk for 3.150 kr i minnegåve til kyrkjelydsarbeidet ved Dale kyrkje gitt ved gravferda til Knut Ottar Aase 13.01.2009.

Takk for 1.200 kr i minnegåve til Guddal kyrkje gitt ved gravferda til Oddny Gallefoss 21.01.2009.

Takk for 4.515 kr i minnegåve til Guddal kyrkje gitt ved gravferda til Agnes Kalstad 11.02.2009.

BLADPENGAR

Årleg ligg det ein giro med i dette første nummeret av kyrkjebladet. Det kan verke litt gamaldags, men giroen er ikkje avleggs enno, og dessutan er vi heilt avhengig av di pengegåve for at vi skal kunne få gi ut bladet.

Fire gonger i året sender vi ut vel 1000 blad à 16 sider (julenummeret sist hadde 20 sider) til alle husstandane i Fjaler + knapt 50 blad til folk utanom kommunen. Vi har ikkje

endra på summen på ein del år, så også i år håpar vi at du som bur i Fjaler betalar 150 kr, og at du som får bladet tilsendt med adresselapp og frimerke betalar 175 kr. Vi ser at fleire betalar meir enn dette og takkar hjarteleg for gåva. Det er veldig viktig at du som bur utanom kommunen, og får bladet tilsendt med adresselapp, hugsar på å skrive namn og adresse – også når du betalar med nettbank. Utan adresse er det umogeleg for oss å få sendt deg bladet. Vi tek også gjerne imot respons: Ros eller Ris slik at kyrkjebladet vert best mogeleg. Bankkontonr: 3755.20.73135 if

KYRKJESKYSS

Vi fortset med kyrkjeskysst frå Straumsnes til Dale kyrkje og frå Hovlandsdal/Heggheim til Guddal kyrkje. Begge med drosje; høvesvis med Magnar Vagstad og Ivar Hovlandsdal.

Frå Straumsnes, nærare bestemt frå Jonstad-krysset, startar "kyrkjeruta" kl.10.10. Dei som vil vere med, går til hovudvegen i rimeleg tid og vil bli plukka opp undervegs. Det er ikkje naudsynt med påmelding. Så blir det retur etter gudstenesta.

Prisen/eigendelen er sett til kr.50,- tur/retur. Dei to neste søndagane med kyrkjeskysst til Dale er: 26. april og pinsedag 31. mai.

Frå Hovlandsdal startar kyrkjeskysst kl.10.10. Her må ein melde seg på til Ivar Hovlandsdal på tlf. 57738644, og ein vil så bli plukka opp til avtalt tid.

Prisen/eigendelen er sett til kr.30,- pr. person for tur/retur. Vi har sett opp desse to søndagane:

1.påskedag 12.april og jonsokdagen 24.juni. Underskot ved dette kyrkjeskysstiltaket vil bli dekt av diakonifondet.

VI GRATULERER

Målfrid Skaar og Solveig Myklebust, som begge får premie for riktige svar til "leit og finn julesongar" i julenummeret av Kyrkjeblad for Fjaler.

FRAMSIDA av bladet viser eit tektstilbilet laga av Eli Johanne Hegrestad som heng på vaktrommet til Kirkens SOS i Førde. Kirkens SOS er ein døgnope krisetelefon for menneske som er i kjenslemessig eller eksistensiell krise. Dei tilbyr ein anonym og uforpliktande samtale - på krisetelefon 815 33 300 eller via en SOS-melding frå <http://www.kirkens-sos.no>. Kirkens SOS trenger fleire frivillige medarbeidarar! Vil du vere med, ta kontakt med Eli Johanne Hegrestad på telefon 41 68 18 89.

BASAR PÅ LJOSHEIM PALME-LAUDAG

Håland misjonsforeining skal ha sin årlege basar palmelaurdag kl.15.00 på Ljosheim. Mange fine gevinstar på hovudlotteri og årar. Daniel Toa Kwapong frå UWC skal ha andakt. Matøkt med gode kaker. Velkomen til basar!



Innhogging av nye namn og oppfrisking av skrifta på gravminne.

Kyrkjevevja formidlar kontakt med ein som kjem vår og haust og gjer slikt arbeid. Ta gjerne kontakt!

sjå inno m nettsida vår:

www.fjaler.kyrkja.no

Tysdag 31. mars:

Dør-til-dør-aksjon i Fjaler



Kvart år i tida før påske går innsamlingsaksjonen til Kirkens Nødhjelp sitt bistands- og nødhjelpsarbeid. Dette er ein innsamlingsaksjon som blei starta i 1967 og som går kvart år i tida før påske. I 2003 blei namnet "Brød for Verda" skifta ut med "Fasteaksjonen".

Dei siste åra har vi i kyrkjelydane i Fjaler gjennomført ein dør-til-dør-aksjon på aksjonsdagen til Kirkens Nødhjelp – tysdag før palmesøndag. Størsteparten av dei som går er konfirmantar, men mange vaksne har dei siste åra også delteke i aksjonen. I Fjaler vert dør-til-dør-aksjonen til Kirkens Nødhjelp tysdag 31. mars, ettermiddag og kveld. Vi oppmodar alle til å ta godt imot bøsseberarane våre! Ditt bidrag er viktig!

SOS frå sør
Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon i 2009 set fokus på fattige menneske i møte med klimaendringane. Klimaaksjonen "SOS frå sør", tek på alvor at fattige menneske sender ut naudrop om meir tørke, flaum og ekstreme vêrforhold. Tysdag 31. mars går Fjaler-konfirmantane m.fl. frå dør til dør og samlar inn pengar til ofra for klimaendringane.

- Flaumen i fjor var den største eg kan hugse. Vatnet steig her på øya og folk sat på taka og ropte på hjelp. Viss naturkatastrofane blir fleire og sterkare, vil det råke oss hardt, seier Asha frå Bangladesh, ein av mange som ropar SOS, og ber oss ta klimatrugselen på alvor. Medan vi i den rike delen av verda kan førebyggje og forsikre mot naturen sine øydeleggingar, står menneske i fattige land i fare for å miste alt når katastrofen råkar.

Difor går pengane frå fasteaksjonen i år blant anna til å gjere fattige i stand til å møte meir ekstremt ver. I flaumutsette område som Bangladesh inneberar det blant anna treplanting,

som hindrar at verdifull jord blir vaska bort når flaumen råkar.

Dessutan blir hus sikra mot flaum og det blir sette i gang lokale krisegrupper som har ansvar for flaumvarsling og bergingsarbeid når katastrofen skjer. I Kenya som blir råka av hyppigare tørke, støttar Kirkens Nødhjelp prosjekt som samlar og lagrar regnvatn til tørre periodar.

Dessutan dyrkar dei planta jatropha, som trivst i tørre område og som gir biodrivstoff, velegna til straumaggregat og bilar. Klimaendringar er tvinga stadig høgare opp på dagsorden i den vestlege del av verda, og Kirkens Nødhjelp ynskjer å markere at klimaendringar er eit rettferdsspørsmål. Vi som bur i den rike delen av verda bidreg mest til endringane i klimaet og har derfor eit særleg ansvar for å lytte til SOS-ropa frå fattige menneske.

Ta derfor godt i mot bøsseberarane når dei bankar på døra di! Du kan òg støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (175 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.



Fire ungdommar: Saddi (16), Homida (22), Jorif (19) og Asha (17) plantar tre på ein jordhaug, i Bangladesh. Treplantinga skal hindre jorderosjon. Foto: Kirkens Nødhjelp



Skatt i tørketida

Midt i Brasils tørraste og brunaste område, heilt nordaust i landet, finst ein grøn oase. På garden til Alines familie har dei ein skatt som sikrar dei vatn sjølv i tørketida.

Aline (18) bur saman med broren Hamilton (15) og foreldra på ein liten gard i delstaten Pernambuco i

Nordaust-Brasil. Området dei bur i vert kalla "Den store tørke". Og det med god grunn. I dei lange, tørre sommarmånadane er landskapet brunsvidd og knusktørt. Dei siste åra har tørken blitt endå verre på grunn av klimaendringane. Men garden til Aline sin familie er frodig og grøn. Like utanfor husveggen har dei nemleg ei vasscisterne som hjelper dei å klare

Nye kyrkjelege val hausten 2009 – same dag som stortingsvalet

På nettsida www.kyrkjevalet.no finn du meir stoff om vala

Nytt ved vala til hausten

- Val til sokneråd og val til bispedømeråd / kyrkjemøte samstundes med stortingsvalet (13.-) 14. september 2009. Vallokala bør lokaliserast så nær kommunen sine vallokale som mogeleg.
- I Bjørgvin blir det ein kombinasjon mellom direkte og indirekte val av medlemmer til bispedømeråd / kyrkjemøte.
- Auke i talet på leke medlemmer i bispedømeråd (frå 4 til 7) og kyrkjemøte.
- Tidlegare nominasjonsprosess.
- Utsending av valkort i august.
- Valperiode to år – neste val samstundes med kommunevalet i 2011 (også forsøksval).
- Utvida tid for førehandsrøysting.
- Røysterett for 15-åringar, som er den religiøse myndighetsalderen.
- Tidlegare funksjonsstart – startar 1. november 2009.

Kyrkjemøtet fastsette i nov. 2008 nye reglar for val til sokneråd, bispedømeråd og kyrkjemøte i 2009. Reglane vart fastsette med bakgrunn i Demokratireforma – politisk avtale 10. april 2008.

- etablering av reelle høve til val
- auka bruk av direkte val
- kyrkjeval samstundes med offentlege val

seg gjennom tørketida. Med plass til heile 16 000 liter regnvatn, kan familien både drikke vatnet og bruke det til å vatne jorda slik at plantar og tre overlever.

- For meg er denne cisterna ein skatt, seier litlebror Hamilton med eit stort smil. Familien har fått støtte til å byggje cisterna gjennom Kirkens Nødhjelp sin lokale partnarorganisasjon, Diaconia.

- det bør gjennomførast forsøk med ulike ordningar.

Endringa i tilhøvet stat – kyrkje vert gjort avhengig av demokratireforma. Jfr Stortingsmelding 17. *Alle desse endringane er viktige steg på vegen fram mot målet om auka demokrati i kyrkja. Dette igjen vil leggja grunnlaget for ei grunnlovsendring frå 2012 der paragrafane som regulerer tilhøvet mellom Konge, stat og kyrkje vert endra.*

Soknerådsvalet og Fjaler sokneråd

Soknerådsvalet i Fjaler er eit fleirtalsval.

Målet er å få så mange kandidatar på vallista som mogeleg for å sikre reell valmuligheit. Fjaler sokneråd har 8 faste medlemmer og 5 varamedlemmer – maksimalt tal kandidatar på vallista er då 26.


Dersom du er over 18 år, er medlem og er interessert i at den lokale kyrkja skal vere ei aktiv kyrkje, kan du stå på lista. Er du interessert, men ikkje har blitt kontakta av nominasjonskomiteen, så ta gjerne kontakt.

Fjaler sokneråd har også fellesrådsansvar. Det vil seie at rådet, i tillegg til å ha ansvar for tradisjonelle soknerådssaker som trusopplæring og gudstenester, også har ansvar for dei tilsette, økonomi, kyrkjer og kyrkjegardar. Kanskje skulle vi difor kalle soknerådet for Fjaler kyrkjestyre for å avspegle ansvaret som rådet har.

I tillegg til demokratireforma i kyrkja er det også to andre store reformer; ny trusopplæringsreform og ny gudstenestereform.

Val til bispe-dømeråd/ kyrkjemøte

Bjørgvin bispedømeråd vil få 10 medlemmer mot 7 i dag. Kyrkjemøtet vil få 115 medlemmer mot 86 i dag. Som nemnt er det auke i tal leke medlemmer (ikkje tilsette og prestar).



Valkort

Alle som kan røyste får i august tilsendt valkort i posten. Stortinget har løyvd 23 mill. til valkort og informasjon.

Omlag 3,1 millionar nordmenn vil ha rett til å røysta 13.-14. september.

Alle som er døypte er medlemmer i Den norske kyrkja, vil få valkort i posten – eit kort som gjev deg lokal informasjon om kvar du kan røyste og kven du kan røyste på. Dersom du mottek dette valkortet og ikkje er medlem i Den norske kyrkja, kan du returnere valkortet og be om at denne feilen i kyrkja sitt medlemsregister vert retta. Det same gjeld også dersom du er medlem og ikkje mottek valkort.

Dette vil vi kome attende til.

Vi vil kome attende med meir informasjon om avviklinga av vala i neste nummer av kyrkjebladet.

Det er enno for tidleg å seie noko om talet på røystestader og opningstider. Eit mål er å få auka stemmedeltakinga monaleg, men det er også ei avgrensing kor mykje ressursar det er fornuftig å bruke. irene



Etisk Påske

Påsketid er fråtsetid. Vi fyller handlekurven med god mat og søtsaker, eingongsprodukt og tulipanar. Det finst etiske alternativ i dei fleste kategori: Egg, tulipanar, solkrem, sjokolade, eingongsprodukt, m.m.

APPELSINAR OG JUICE

Få folkeslag et like mykje appelsinar som nordmenn. I påskemånaden et kvar av oss i snitt 1 kg appelsinar, dobbelt så mange som elles i året. Dei fleste appelsinane vi et er spanske. Desse er tungt subsidierte av EU og pressar appelsinar frå utviklingsland ut av marknaden. Utviklingsland kunne hatt betydelige inntekter frå appelsineksport til Noreg og Europa hadde det ikkje vore for subsidier og tollbarrierar.

- *Kjøp økologiske appelsinar eller appelsinar frå u-land*
- *Kjøp Fairtrade appelsinjuice*

EGG

Egg høyrer påska til, og i løpet av høgtida vil vi fortære 23 millionar egg – dobbelt så mange som elles i året.

- *Kjøp økologiske egg (beste alternativ) eller egg frå frittgåande høner*
- I tillegg til å vere meir miljøvenleg, inneber økologisk eggproduksjon best velferd for hønene – også betre enn frittgåande høner.
- *Et egga, sjølv om dei er gått litt over dato.*

Ifølgje datostemplinga har egg ei haldbarheit på 28 dagar. Den korte haldbarheita skuldast strenge EU-reglar. I følgje Matforsk held norske egg seg friske og gode i fleire månader. Produksjonen av eit kilo egg fører til utslipp av 5,5 kg. Co2 . Til samanlikning fører

produksjonen av eit kg. blomkål til utslipp av 0,138 kg.

KYLLING

Kylling er også påskemat. Nordmenn et meir enn dobbelt så mange kyllingar som for ti år sidan. Kwart år blir ca. 45 millionar kyllingar slakta i Noreg.

- *Kjøp økologisk kylling*
- *Prøv hønsekjøt*

Mesteparten av hønene i Noreg blir aldri menneskemat! Et du meir hønsekjøt vil færre høns bli kasta – spør etter det i butikken. Hønsekjøt må du koke litt lengre enn anna kjøt – det er perfekt for kraftige supper og anna "slow food". Hønsekjøtet kan du også male opp til kjøtbollar.

SUKKER

Vaflar, kakao, eggedosis ... påskemenuen inneheld ein del sukker. 99% av sukkeret som vart importert til Noreg i 2004 kom frå Danmark (72 prosent) og Storbritannia (27 prosent).

- *Kjøp Fairtrade-merka sukker*
- Fairtrade-merka sukker kan du finne i dei fleste butikkar som tilbyr brunt sukker. Fairtrade-sukker er dyrka i u-land og de som dyrkar sukkeret får ein rettferdig pris for produktet.
- *Kjøp økologisk sukker*
 - *Sukker frå u-land*

Sjå etter sukker frå utviklingsland (rørsukker). Eksport av sukker tilfører dei fattige landa verdifulle inntekter som kan hjelpe landa ut av fattigdom.

PÅSKEEGGET

- *Fyll opp med Fairtrade-sertifisert og økologiske godteri og sjokolade*
- *Økologisk frukt og nøtter*

- *Lag eige godteri av sukker, frukt og sjokolade*

ANDRE TIPS

- *Et mindre kjøt og meir grønnsaker*
- *Erstatt ein kjøtmiddag med ein grønnsaksmiddag*
- *Kjøp lokalprodusert lam på veg til hytta*

... men ikkje viss du må kjøpe lange strekingar for å få tak i det.

- *Kjøp svanemerka serviettar og tørkerull.*
- *Kjøp svanemerka våtserviettar.*
- *Ikkje brenn eingongsprodukt*

Det er sikkert freistande å kaste emballasje og anna avfall i vedommen på hytta. Dette er ikkje tilrådd: Feil fyring skadar pipa og faren for pipebrann aukar. Brenn berre rein ved.

- *Bytt ut ein bukett veksthusproduserte tulipanar med ein bukett Fairtrade-sertifiserte roser*
- *Bruk solkremen du kjøpte i fjor – sjekk datostempelet.*
- *Kjøp svanemerka solkrem*
- *Kjøp økologisk og/eller Fairtrade-sertifisert kaffi.*

Artikkelen er henta frå www.etiskforbruk.no.



Kyrkjestatistikken

Arsstatistikk for kyrkja i Fjaler

	2006	2007	2008
Gudstenester			
Dale	47	42	43
Folkestad	19	18	18
Hellevik	8	9	9
Guddal	16	18	18
Sum	90	87	88

Frammøtte

Dale	4684	4278	5043
Folkestad	1079	877	1086
Hellevik	446	618	463
Guddal	709	931	804
Sum	6918	6704	7396

Konsertar

Frammøtte	11	7	7
	1660	1324	844

	2006	2007	2008
Døypte			
Dale	23	13	19
Folkestad	5	1	5
Hellevik	1	2	0
Guddal	4	9	2
Sum	33	25	26

Konfirmerte

Dale	20	26	24
Folkestad	10	7	5
Hellevik	0	2	4
Guddal	0	3	3
Sum	30	38	36

Vigde

Dale	3	7	4
Folkestad	1	0	1
Hellevik	0	0	1
Guddal	0	2	0
Sum	4	9	6

Døde


Dale	17	27	19
Folkestad	7	5	5
Hellevik	1	0	5
Guddal	5	4	4
Sum	30	36	33

Kyrkjestatistikk er ein reiskap for å skaffe ein oversikt over arbeidet og livet i kyrkjelyden. Talgrunnlag og søylediagram gjer at vi kan samanlikne, sjå endringar og eventuell utvikling på nokre område. I eit lite samfunn som Fjaler er kyrkja sin posisjon og kyrkja sitt arbeid viktig for mange menneske. Kyrkjuhuset er ein møtestad både i glede og i sorg. Hit kjem vi med livet vårt og kjenslene våre.

På konfirmasjonsdagen møter spente ungdomar fram i kyrkja med familien sin. Det er fest! Bryllaup er òg ein fest med glade ord og tonar i kyrkjerommet. I gudstenestene deltek unge og gamle, bibeltekstar vert lesne, og korsongen og salmesongen tonar både til Gud og til menneske. Ved døypefonten auser presten vatnet over hovudet til borna i den treeinige Guds namn, og i nattverden er menneske saman om å ta i mot Jesu kropp og blod. I gravferdene møtest folk igjen, kanskje etter mange år. Nokre opplever gravferda og avskjeden som ei høgtidsstund. I dette huset samlast menneske år etter år, ein møtestad mellom himmel og jord. Når det gjeld statistikken for 2008, er det kanskje aller mest grunn til å glede seg over at frammøtte ved gudstenestene auka – nesten alle stader – trass i at talet på gudstenester var omtrent det same som i 2007.

KAK

Fjaler - Nøkkeltal 2006 - 2008



Den globale mørketida

Laurdag 28. mars ser verda lyst på framtida ved å skru av lyset éin time. WWF står bak Earth Hour, som er den største klimakampanjen i verda. For tredje året på rad har dei fått med seg ei rekkje lokale samarbeidspartnarar, organisasjonar, bedrifter og enkeltpersonar til å skru av lyset for å vise at verda si befolkning står saman om å løyse klimautfordringane.

Kampanjen starta i Sydney for to år sida, og i fjor deltok 50 millionar menneske. Nå håper WWF å få med heile éin milliard menneske verda over til å delta på kampanjedagen, seier generalsekretær Rasmus Hansson i WWF Norge. Det står ikkje på ambisjonane, men allereie nå har dei største byene i Noreg sagt ja til å delta: Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Tromsø, Kristiansand og Sandnes blir mørkklagde i éin time 28. mars frå klokka 20.30.

Miljøverndepartementets Klimaløftet og nettverket Grønn Hverdag er samarbeidspartnarar, og kampanjen vert støtta også av miljøvernminister Erik Solheim. Les meir på www.earthhour.no.



Spennande gudstenestereform

Den norske kyrkja skal innføre nye liturgiar frå advent 2010. Mange kyrkjelydar ønskjer å prøve ut dei nye liturgiane, også kyrkjelydane i Fjaler.

Gudstenesta sine fem hovuddelar

Dei fem hovuddelane i gudstenesta er : Samling, Ordet, Forbøn, Nattverd og Sending.

Samlinga inneheld mellom anna informasjon om gudstenesta, velkomstord, preludium og salme, inngangsbøn, bønerop (Kyrie) og lovsong (Gloria). Når det er dåp, blir dåpen etter lovsongen.

Ordet inneheld lesing av bibeltekstar frå begge testamanta. Ein bibelsk salme vert sunge mellom lesingane. Preiketeksten vert lesen frå evangelia, og etter lesinga av evangelieteksten syng kyrkjelyden eit "halleluja-salmevers". Preika kjem så. Truvedkjenninga er etter preika. Ved dåp er truvedkjenninga knytt til dåpsliturgien.

Forbøna. Før forbøna kjem syndsvedkjenninga. Så kjem forbøna deretter. Desse bønene vil ofte vere veksellesing saman med kyrkjelyden.

Nattverden. Inkludert i denne delen er kyrkjelyden sitt takkoffer, samt fredshelsing.

Nattverdelementa, brødet og vinen, vert borte fram til altaret. Utdelingsmåten vil stort sett vere i midtgangen med kontinuerleg nattverd.

Sending. Denne delen inneheld salme, velsigning, postludium og utsending. Vi kjem til gudstenesta for å finne kvile og ny kraft, og vi blir sende ut i teneste for Gud og medmenneska våre.

Medliturgar

I Fjaler har vi hatt medhjelparar på gudstenester. Tradisjonelt var jo klokkaren ein slik medhjelpar. I dag har tekstlesarar vore ein aktiv deltakar på gudstenestene. I den nye ordninga skal det vere ein eller fleire medliturgar. Når born og ungdomar er medliturgar, kan dei bere kvite kapper. Ein medliturg kan gjere mykje, til dømes å lese tekst, gå i prosisjon, lese bøn, bere nattverdelementa fram til altaret osv. I det heile skal medliturgane leie gudstenesta saman med gudstenesteleiaren.

Nytt altar

Bortsett frå i Hellevik kapell, vil det bli plassert inn eit nytt altar slik at gudstenesteleiaren står med ansiktet mot kyrkjelyden. I Hellevik er det allereie eit slikt altar. Tanken her er at avstanden mellom gudstenesteleiar og kyrkjelyd blir mindre, samt at gudstenesteleiaren alltid står med ansiktet mot dei som han/ho snakkar til.

Stå – sitje

I dag er det vanleg at vi sit under salmane og står under lesingane. I den nye ordninga er hovudregelen at vi står under salmesongen, og sit under lesingane – bortsett frå under evangelieleinga. Elles står vi under lovsongen, truvedkjenninga og mesteparten av nattverdliturgien.

Den nye gudstenesteordninga er meir i tråd med gudstenestefeiring i andre land. At andre enn gudstenesteleiaren har oppgåver i gudstenesta, er eit viktig skritt i retninga av at gudstenesta først og fremst er kyrkjelyden si feiring der fellesskapen og deltakinga rundt Guds Ord er sterkare vektlagt.

KAK

Musikk i kyrkja

Vi kan dele musikken som er brukt i kyrkja i 5 grupper:

- metriske salmar og songar – ulike allsongar (sungne dikt) tilpassa kyrkjeåret.
- liturgisk musikk – faste allsongar som kan syngjast på kvar gudsteneste.
- bibelske salmar og andre poetiske bibeltekstar (cantica) – allsongar eller veksel-songar.
- korsong – avansert song framført av kor.
- Instrumental musikk – oftast orgelmusikk.

Under utprøving av den nye liturgien frå mars til september, vil vi prøve ut nokre nye tonar til den liturgiske musikken. Det er viktig å bruke litt tid på dette – musikken skal kunne tole repetisjon slik at vi ikkje blir lei av den, samtidig som den må vera lett nok til at alle kan syngja. Den andre musikken vil halde fram som før.

Kvifor står vi for å syngja?

Opphavleg brukte kyrkjelyden i den kristne gudstenesta å stå. Sidan vart det vanleg å knele under delar av gudstenesta, og etter kvart som det vart vanleg med kyrkjebenker, sat kyrkjelyden meir og meir. I dag er det framleis naturleg å seie at grunnposisjonen for kyrkjelyden er å stå. Vi reiser oss når vi skal tilbe og lovsyngje, og vi står i respekt for Guds nærvær. Men det er nok litt for slit samt å skulle stå gjennom heile gudstenesta, derfor sit kyrkjelyden som regel under dei delane der ein i størst grad tek imot, dvs. under lesingane og preika. *Hovudregelen er at kyrkjelyden står under salmane, som er eit av dei fremste fellesuttrykka for tilbeding og lovsong.* I Fjaler derimot har vi avgrensa dette til fyrste og siste salmen, samt lovsong/Gloria. Det er ei felles oppgåve å syngja alt utanom korsongen. Ved

å stå er vi saman som Guds syngjande folk!

Kva er "ny" liturgisk musikk?

Av dei faste liturgiske songane skal vi halde fram med dei tradisjonelle melodiane som vi har brukt til *Lovsong/Gloria, Fader vår, Du Guds Lam* og nokre små ledd, samtidig som vi prøver nyare melodiar til *Kyrie* og *Heilag* og nokre nye singlar (song under fredshelsinga og brødbryting).

Det som er nytt med denne reforma, er at det enkelte soknerådet skal bestemme dei melodiane som skal brukast. Her hjå oss har soknerådet oppretta eit gudstenesteutval som har, saman med soknepresten og kantor, kome fram til dei tonane som vi skal bruke og prøve ut i Fjaler det neste halvåret. Det som blir "nytt" er allereie etablerte singlar brukt av mange kyrkjer frå kjelder som *Salmer 1997, Syng Håp* eller *Barnesalmeboka*.

Kvifor ny liturgisk musikk?

1. Mykje av det vi syng no er inspirert av gregoriansk song, som i dag kjennest framand for mange. Vi har funne fram andre musikkgenrer som gospel og moderne lovsong som er meir folkelege og appellerer til fleire i kyrkjelyden, ikkje minst barn og ungdom som skal lære å ta vare på kyrkja sin songskatt i framtida.
2. I Fjaler har vi ei folkekyrkje, d.v.s. at ikkje alle går i kyrkja regelmessig. Nokre går berre på julaftan, men dei fleste går i kyrkja kanskje 2-3 gonger i året. Med ulike daltakarar kvar gong, er det ikkje mogeleg for kyrkjelyden å lære kompliserte

melodiar. Difor vil vi prøve ut vekselong-versjonar mellom for-singar og kyrkjelyden som er

lette å lære på dagen, evt. ved ei kort øving under informasjonsdelen ved starten av gudstenesta.

Kyrie – Eit rop til Gud om hjelp

Det er to nye grunntekstar, og gudstenesteutvalet har gått inn for den enklaste som er berre på gresk: *Kyrie eleison. Kyrie eleison. Kyrie eleison*. Den vanlege melodien vi skal bruke, er av Tore Aas. På gudstener med barn i fokus, bruker vi *Kyrie* frå "Barn i Guds tid" av Johan Varen Ugland. Den er meir rytmisk og fengjande, og vår avtroppande biskop Hagesæter kalla den for "den kule Kyrien"!

Lovsong/Gloria – englesongen frå Betlehem

Vi bruker den tradisjonelle melodien av Rolf Karlsen med den nye teksten der "hjá" er bytta ut med "blant" og "hugnad" er bytta ut med "glede" i samsvar med den nye bibelomsetjinga.

Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.

Deretter fortset vi med den velkjende lovsongen: "Måne og sol". Som alternativ vil vi syngja Gloria frå Taizé "Lova Gud".

Liturgisk song i dåpen

Vi kjem til å syngja den vanlege "Herre, høyr vår bøn" av Trond Kverno etter takkebøna og omkvedet til "Måne og sol" som kyrkjelyden sin respons til dåpen.

Hallelujavers før og etter evangelieteksten

I fastetida er dette leddet erstatta av eit høveleg salmevers. I påsketida bruker vi halleluja-omkvedet frå "Dine hender er fulle av blommar" og elles "Halleluja" frå Taizé, som har vore mykje brukt i Dale og Guddal.

Heilag (Sanctus)

Jesaja sin song frå sitt syn av lovsongen i himmelen har ein litt forandra tekst – vi syng til Gud i staden for om Han. I staden for den tradisjonelle gregorianske melodien, syng vi Heilag av Nolence Prince i amerikansk lovsongstil. Den er lett å syngja.

Fader vår

Her bruker vi den tradisjonelle teksten og den tradisjonelle melodien. Vi vekslar ved å syngja og seie denne bøna av omsyn til dei som ikkje kan syngja.

Fredshelsing

Vi vil syngja den israelske folkesongen "Hevenu shalom" i samband med fredshelsinga, men på nynorsk: *Det er Guds fred eg vil gje deg*.

Brødbryting

Mens presten bryt brødet kan ein syngja ein song og vi har to melodiar som vi skal prøve:


1. "Brødet er Kristi kropp", ein keltisk song frå Iona.
2. "Brødet vi bryt", ein vakker lovsongsmelodi frå den anglikanske kyrkja i England.

Du Guds Lam (Agnus Dei)

Vi fortset med den tradisjonelle melodien av Trond Kverno med ein litt forandra tekst: Jesus "ber all verdsens synder" i staden for "bar" slik det var før.

Som de ser, vel vi ei ganske tradisjonell løysing for den liturgiske musikken på gudstenestene i Fjaler framover, samtidig som vi får prøve litt nytt stoff. Vi meiner at dette er til beste for kyrkjelyden. Kom gjerne med tilbakemeldingar til kantor eller soknepresten slik at vi kan melde frå til Kirkerådet kva som fungerer bra hjå oss og evt. kva som ikkje fungerer så godt innan fristen 15. september!

Eit tilbakeblikk på trusopplæringa i Fjaler



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Underteikna starta som trusopplæringsmedarbeidar i Gaular og Fjaler, 20. august 2007. Før den tid var det lagt ned eit stort stykke samarbeid og mykje god planlegging mellom kyrkjelydane i Fjaler og Gaular. Utan desse planane hadde det ikkje vorte noko trusopplæringsstilling! Det er viktig å understreke dette, fordi desse planane lett vert litt "usynlege" når arbeidet kjem i gong.

I perioden frå august 2007 og ut 2008, har vi gjennomført alle dei nye trusopplæringstiltaka som vi hadde på planen vår:

Familiesamling for babysong for gruppa 0-1 år, dåpsskule for 6-åringane, påskevandring for 3.klasse, songar i kyrkja for 4.klasse og Den Store Forteljinga for 5.klasse, i samband med at dei får utdelt Det Nye Testamente. I tillegg til dei nye tiltaka har vi halde fram med utdeling av 6-årsbok. Dermed må vi kunne seie at vi har nådd ein milepæl!

Dei nye tiltaka har vore arbeidskrevjande for dei involverte og kanskje særleg for kantor, sokneprest, kyrkjeseekretær og kyrkjevevjerja som har fått desse på toppen av dei andre arbeidssoppgåvene sine. Her må eg også nemne prosjektleiarane som har lagt ned mykje arbeid i planlegging, møteinnkalling og rapportering. Soknediakon Anita Øvreås Rusken var prosjektleiar det første året. Etter sommarferien i 2008 overtok Irene Fløde denne oppgåva.

Det har vore litt vekslende oppslutning om dei nye tiltaka. Her er det særleg Songar i Kyrkja og Dåpsskule som merkar seg ut med variable oppmøtetetal, men ein må

vel ofte rekne med ei viss innkøringstid for nye tiltak? I andre enden av oppmøteskalaen finn vi førebuing av gudsteneste og utdelingsgudstenesta der Minikonfirmantane deltok, her var det 100 % oppmøte. Det er svært gledeleg, og foreldra fortener ros for at dei sender borna sine til dei ulike trusopplæringsksamlingane. Utan å ta for store ord i min munn, så må vi vel kalle dette ein suksess!

Mentoren vår, Marit Rong frå Bergen, har sagt at vi er bortskjemte med høge oppslutningstal på mange av tiltaka våre, og det har ho nok langt på veg rett i. Marit har vore ein god støttespelar og har gjeve oss mange innspel i arbeidet vårt. Både på konkrete tiltak og ikkje minst i høve planlegging og rapportering. I starten føltet det nok kanskje litt skummelt å ha ein "overkikkador som skulle kikke oss i korta", men etter at vi vart kjent med mentoren vår, har vi opplevd henne meir som ein medvandrar som kjem med gode råd og oppmuntringar på "vegen"! Rapportering til trusopplæringssekretariatet i Oslo har teke ein god del tid og innimellom har den vore "ei klam hand" som har lege tungt på oss. Den positive sida av rapporteringa er at den har vore ei hjelp til ei bevisstgjeriing i arbeidet med trusopplæringa. Eit av spørsmåla er kva trusinnhald vi har formidla. Her har det vorte ei lang "smørbrøddliste" – sjå berre her: Gud bryr seg om alle og vil ha kontakt med alle. Vi kan be til Gud. Gud som skapar. Tryggleik i kvardagen. Jesus som tenar.

Jesu liv i samanheng. Jesus døyr og står opp. Glede over at Jesus stod opp. Jesus vil vere ven med alle. Nattverd: Alle som treng Jesus, kan gå til nattverd. Gud er nær, både i glede og sorg. Velsigninga. Kvardagskristen. Fellesskap, song og glede i lag med kyrkjelyden!

Noko av det vi ville med trusopplæringsprosjektet var, i tillegg til opplæring av borna, å skape meir deltaking og synleggjering av borna på gudstenestene våre. Langt på veg meiner vi at vi har fått til dette. Samstundes er det nok alltid noko å gå på og vi ynskjer at borna skal få vere endå meir delaktige i gudstenestene. Den kjende psykiateren Finn Skårderud, snakkar om "ritualenes gode favntak". Skal tru om ikkje kyrkja her kan vere ein god støttespelar i liva våre? Gudstenesta består av ulike liturgiske ledd og gjennom desse får vi del i ein fellesskap i lag med heile den verdsvide kyrka. Mange av ledda gjentek seg kvar gang det er gudsteneste og kan soleis gje oss attkjenning og ei oppleving av "ritualenes gode favntak". Velkomen til fellesskap og aktiv deltaking i kyrkja!

Trusopplæringsmedarbeidar Bente Kandal

Hvilke dataspill spiller
barna dine?
BarneVakten gir råd og
gode alternativer

Se: www.barnevakten.no





Kvifor ligg Bente og søv? Det finn du ut på påskevandring 25. april.

Påskevandring i Fjaler

Laurdag 25. april kl. 10.30 vert det påskevandring for alle i 3. klassingar i Fjaler. Vi møtast ved Dale kyrkje og så skal du få vere med på ei vandring med ulike stasjonar knytt til påska slik vi feirar den i dag. Du får også høyre korleis det var då Moses levde i Egypt og Israelfolket var slavar der. Mark Taylor vert med oss denne dagen og skal ta oss med på ei musikalsk reise. På Ljosheim skal du få smake på eit påskemåltid. Dermed vert det mat både for kropp og sjel denne dagen! I år skal vi også dele ut ei påskebok og den skal du få i kyrkja på heimlassen din. Alle i målgruppa får tilsendt brev, men set av datoen no slik at du får med deg årets påskevandring. Vel møtt :)

Trusopplæringsmedarbeidar Bente Kandal



Her ser du nokre av mini-konfirmantane, som etter utdeling av Det nye testamentet i Dale kyrkje, har vore med på tre samlingar på Ljosheim. Torsdag 19. februar kom Mali-misjonær Rigmor Frøyen på besøk, med film, mat og klede frå Mali. Frå venstre, ståande: Rigmor, Ole-Robert, Nikolai, Jarle, Tarald, Astrid, Karoline Elise, Lovise Estelita og Bente. Sitjande: Benjamin, Eldar og Kristoffer.

ÅRSMELDING 2008 for "Fond for kyrkjekonsertar i Fjaler"

I år hadde vi 9 spesielle musikkarrangement i kyrkjene i Fjaler. Til saman var 1.016 menneske på desse arrangementa. Konsertane var opne for alle (med følgjekortordninga) og hadde variert innhald. Kyrkja satsar på eit desentralisert program. Fleire konsertar var større samarbeidstiltak på tvers av lag/organisasjonar. (frammøte i parentes)

03/02 Folkestad

Syng-med-oss kveld med Cantus. (66).

19/02 Dale

Konsert med viseartist Sølvi Hopland og Cantus. (66).

08/03 Dale

Familiekonsert under Vinterfest i Fjaler med Ingelin og Hildegunn Reigstad med muskar og lokale barnekor. Delvis støtta av Kulturmidlar frå Fjaler kommune. (155).

30/03 Hellevik

Vårkonsert med Do Re Mi (arrangert av koret). (78).

03/08 Dale

Kulturkveld i Dalsfjordveka. Norsk og svensk folkemusikk med duoen Anda og kunstutstill ing v/ Elsa Norunn Håheim Nydal. (55).

14/09 Folkestad

Syng-med-oss kveld med Fure og Våge Songlag. (53).

28/09 Dale

Konsert med religiøse folketonar ved gruppa SUS (31).

07/12 Folkestad

Julekonsert med Do Re Mi og Fure og Våge Songlag, arrangert av FVS i samarbeid med kyrkja (147).

16/12 Dale

Julekonsert (365).

Frammøte har auka på alle arrangementa i ytre Fjaler, men det er nedgang i Dale samanlikna med 2007. Overskota ved Syng-med-oss kveldar og julekonserten er med å dekkje underskot ved andre konsertar, men vi brukte likevel kr 14.380,32 av fond for å dekkje underskot dette året. Vi må satse på rimelegare konsertopplevingar framover for å unngå store underskot, og er heilt klart avhengig av offentleg støtte. Vi vil fortsette å knytte konsertar til lokale festivalar. Fond for kyrkjekonsertar takkar Fjaler kommune for støtta i 2008.

Årsplan 2009

22/03 Dale

Familiekonsert med Ivar Skippervold og lokale barnekor frå heile kommunen.

19/04 Folkestad

Vårkonsert med Do Re Mi.

16/08 Dale

Avsluttande konsert i Dalsfjordveka.

20/09 Folkestad

Syng-med-oss kveld med Fure og Våge Songlag. Elias Blix og Anders Hovden.

25/10 Dale

30-års jubileumskonsert for Cantus med musikarar.

01/11 Dale

Korkonsert: "Visst skal våren komme" med Cantus og band.

13/12 Folkestad

Julekonsert med Fure og Våge Songlag og Do Re Mi.

15/12 Dale

Julekonsert.

Fyndord

Den som skattar små lukkestunder,
samlar solstrålar til dei tunge dagane i livet.

Å sjå det vakre i livet
er eit spørsmål om synsvinkel.

Ta vare på dei små gledene i livet -
dei er såkorn til lukka di.

Latter er rein medisin for hjarte og sinn.

Ver nøgd med deg sjølv, du er fin slik du er.

(Frå boka "OPUS - Sol i hjartet" Skald forlag.)



Korleis har du det...

EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
Epost-teneste: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å PRATE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

I kyrkjelyden sidan sist

Dale:

Døypte:

Frida Brattelid
Arwin Sande-Neset
Carmen Pitkanphai Hjelmeland
(døypt i Lavik)
Agathe Naustdal
Iver Vagstad Hellebust
Alvira Harketstad

Avdøde:

Ranveig Holmelid	f. 1929
Elisabeth Kyrkjebø	f. 1916
Knut Ottar Aase	f. 1936
Ingrid Vosseteig	f. 1918
Lilly Kirketeig	f. 1928
Erling Pihl	f. 1929

Folkestad:

Døypte:

Maria Hauge Folkestad
(døypt i Bygstad)
Sondre Velle Aasebø
(døypt i Sykkylven)
Linnea Lammetun Lindelid

Avdøde:

Rolf Anton Furenes	f. 1948
Lilly Tordis Lien	f. 1920
Grethe Irene Spord	f. 1948
Nils Leif Folkestad	f. 1933
Agnes Borghild Einen	f. 1913

Hellevik:

Avdøde:

Leif Bakkebø	f. 1913
--------------	---------

Guddal:

Døypte:

Carina Diaz-Boge

Avdøde:

Hans J D Y Hovlandsdal	f. 1925
Oddny Gallefoss	f. 1925
Agnes Larssine Kalstad	f. 1921

Kornytt



Vårkonsertar med Do Re Mi

Do Re Mi inviterer til vårkonsertar. Søndag 19. april syng dei på Folkestad kapell kl. 16.00. med eit program av salmar og kyrkjelege viser, vårsongar og melodi grand prix junior låtar. I tillegg blir det utdeling av diplom og pins til kormedlemmene. Vi håper at mange vil komme for å høyre desse flinke ungane!
Måndag 4. mai har også Do Re Mi vårkonsert på Sjukeheimen i Dale kl. 17.30.



SONGARSTEMNE 6. OG 7. JUNI

Fure og Våge Songlag i samarbeid med Norges Korforbund Sogn og Fjordane, arrangerer songarstemne i Fjaler den 6. og 7. juni. Vi vil då få besøk av 6 kor med 150 songarar frå Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Vi vonar at vi får fint ver desse to dagane slik at vi kan ha ein del av songarstemnet og konsertane ute.



Laurdag førmiddag møtest vi på Fredensborg på Tysse. Her vert det ei orientering om historia til Fredensborg, ein liten konsert og servering av betasuppe, kaker, kaffi, te og mineralvatn. Vi ønskjer at Fjalerbuane møter opp på Fredensborg denne laurdagen. Dersom det vert dårleg ver, vert arrangementet i grendehuset på Grytøyra.

Sundag vert det konsert i Korssund klokka 1100. Her vert det også ei orientering om historia til Korssundet.

Soknepresten vil halde andakt, og alle kora vil framføre sitt konsertprogram. Dersom det vert dårleg ver, vert konserten i Folkestad Kapell og Hellevik Kapell.

Sundag ettermiddag vert det profankonsert i grendehuset på Grytøyra. Her får de høyre alle kora framføre sitt konsertprogram, og her vert høve til å kjøpe middag, kaffi, kaker og mineralvatn. Vi ønskjer alle velkommen til songarstemne i juni.

Program for songarstemnet vert kunngjort i media før stemnet.

Jofred Åsnes for Fure og Våge Songlag

BLI STØTTEMEDLEM I CANTUS

I år feirar Cantus 30 års jubileum, og til hausten har vi tenkt å markere det. I den forbindelse blir det ekstrautgifter. Cantus har slite med dårleg økonomi over lengre tid og vi i styret for Cantus ønskjer å gjere noko for å betre økonomien, slik at vi kan få til ein fin jubileumsfeiring, og at aktiviteten elles i laget kan oppretthaldast. Vi ønskjer oss støttemedlemer. Så viss det er nokon som kan tenke seg å vere med å bidra til ein betre økonomi for Cantus, kan dei betale inn ein sum på Cantus sin konto i Fjaler Sparebank – kontonr 3755.20.51689. På førehand takk



Styret for Cantus.

TIL DEG SOM TIPPER

No kan du støtte ditt lokale kor.

Du har kanskje fått med det at Grasrotandelen er ei ny ordning frå Norsk Tipping, der du som registrert

spelar kan velje å støtte din Grasrotmottakar. Dersom du tippar, oppfordrar vi deg til å støtte eit av dine lokale kor: Do Re Mi, Cantus eller Guddal Familiekor. Ved spel hos Norsk Tipping vil 5% av innsatsen gå direkte til koret du har valt (gjeld ikkje Extra og Flax). Det går ikkje ut over innsatsen eller premien din – du blir ikkje belasta for å vere grasrotgivar. Du treng Norsk Tipping Spillerkort for å knytte deg til Grasrotandelen. Det får du kjøpt hos kommisjonær (ta med organisasjonsnummer til koret du ønskjer å støtte) eller på www.norsk-tipping.no (der kan du søke fram koret ved namn).

Organisasjonsnummer:

Do Re Mi: 993803030
Cantus: 993811971
Guddal familiekor: 993835129

Via gratis SMS:

GRASROTANDELEN 993803030 til 2020 (Do Re Mi)
GRASROTANDELEN 993811971 til 2020 (Cantus)
GRASROTANDELEN 993835129 til 2020 (Guddal familiekor)

Takk for at du støtter koret!



GRASROTANDELEN ¹³

Velkommen til kyrkje

DALE KYRKJE

Sundag 29. mars kl.19.00

Samtalegudsteneste ved Kummeneje og Taylor med konfirmantane frå heile Fjaler. Offer til Alværa Misjonscenter.

Fredag 10. april Langfredag kl.19.30

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor.

Sundag 12. april Påskedag kl.11.00

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Cantus deltek. Nattverd. Dåp. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 26. april kl.11.00

Barnas påskegudsteneste ved Kummeneje, Taylor, Kandal og 8 åringane. Laurdagsklubben deltek. Nattverd. Kaffi, kjeks og saft bak i kyrkja. Kyrkjeskys frå Straumsnes. Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

Sundag 3. mai kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

Sundag 17. mai kl.11.00

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Barnekoret deltek. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

Sundag 31. mai Pinsedag kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Nattverd. Kyrkjeskys frå Straumsnes. Offer til Senter for livsmeistring, Skei.

Sundag 14. juni kl.19.30

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Innskriving av konfirmantane. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

Sundag 28. juni kl.11.00

Gudsteneste ved Sande og Stav. Nattverd. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

GUDDAL KYRKJE

Sundag 12. april Påskedag kl.20.00

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Familiecoret deltek. Nattverd. Kyrkjeskys. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 26. april kl.15.00

Barnas påskegudsteneste ved Kummeneje og Taylor.

Familiecoret deltek. Nattverd. Offer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.

Sundag 17. mai kl.13.00

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Familiecoret deltek. Dåp. Offer til Guddal familiecore.

Torsdag 21. mai Helgetorsdag kl.11.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Familiecoret deltek. Innskriving av konfirmantane. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

Onsdag 24. juni Jonsok kl.11.00

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Misjonsgudsteneste med Misjonsfest på skulen etterpå. Nattverd. Kyrkjeskys. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

FOLKESTAD BEDEHUSKAPELL

Sundag 12. april Påskedag kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Stav. Nattverd. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 19. april kl.16.00

Vårkonsert med Do Re Mi. Kollekt.

Sundag 10. mai kl.12.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

Sundag 17. mai kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Offer til Folkestad bedehuskapell.

Sundag 21. juni kl.11.00

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Nattverd. Offer til NMS Misjonsprosjekt.

HELLEVIK BEDEHUSKAPELL

Torsdag 9. april Skjærtorsdag kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Nattverd. Offer til Strømmestiftelsen.

Sundag 10. mai kl.10.00

Konfirmasjonsgudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Offer til Kyrkjelydsarbeid.

Sundag 17. mai kl.12.30

Gudsteneste ved Kummeneje og Eiken. Offer til Hellevik bedehuskapell.

Sundag 14. juni kl.11.00

Gudsteneste ved Kummeneje og Taylor. Innskriving av konfirmantane i ytre Fjaler. Offer til Kirkens SOS Bjørgvin.

ANDRE GUDSTENESTER**STRAUMSNES GRENDAAHUS****Sundag 5. april Palmesundag kl.14.00**

Gudsteneste ved Sande og Eiken. Kollekt til kyrkjelydsarbeidet.

STEIESTØLEN**Fredag 10. april Langfredag kl.11.00**

Gudsteneste ved Kummeneje.

FJALER SJUKEHEIM**Måndag 13. april 2. påskedag kl.11.00**

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Nattverd.

FJALER SJUKEHEIM**Måndag 1. juni 2. pinsedag kl.11.00**

Gudsteneste ved Sande og Taylor. Nattverd.

KORSSUND**Sundag 7. juni kl.11.00**

Musikkandakt ved Kummeneje. Fure og Våge Songlag og andre kor frå Norges Korforbund deltek. I tilfelle dårleg ver, Folkestad og Hellevik kapell.

Konfirmantliste**Dale kyrkje 3. mai kl.11.00**

Lars Henning Bratland
 Sandra Brattelid
 Sigbjørn Mjøllem Christiansen
 Erlend Holen Eldevik
 Katrin Bjørvik Eldevik
 Kent/Marius Leirpoll Espedal
 Torgeir Espedal
 Even Åsnes Flekke
 Gina Dorothea Garre-Fivelsdal
 Adrian Solheim Hansen
 Marte Haugsbakk
 Linn Marita Skiftesvik Høyvik
 Linda-Marie Leirpoll
 Lisa Lykkebø
 Amalie Bjørvik Myklebust
 Mariell Buttedal Myklebust
 Martin Olav Myklebust
 Gard Arstein Nedrebø
 Tom-Inge Nedrebø
 Ine Osland
 Silje Johannessen Selvåg
 Håvard Skaar
 Rebekka Ullebø
 Jantsen Louis Jumao-As Øverås

Hellevik kapell**10.mai kl.10.00**

Arnild Eiken
 Sebastian Mikkelsen Madsen

Folkestad kapell**10. mai kl.12.00**

Sondre Baug Barsnes
 Lillian Holstad
 Dennis Ottesen Lien
 Margrethe Stølen Skår
 Thea Magdali Hopland Våge
 Gunn Emilie Espedal Vågenes

Guddal kyrkje**21. mai kl.11.00**

Hilde Yndestad Hovlandsdal

Holmedal kyrkje**26. april kl.11.00**

Margrethe Enstad Johannesen

Kyrkjeblad for Fjaler

Bankkontonr. 3755 20 73135

Bladpengar kr. 150,-/175,- for året.

Redaktør: Joy Taylor

Prent: Ingvald Husabø Prenteverk a.s.

fjaler.kyrkjeblad@gmail.com

Kyrkja i Fjaler

www.fjaler.kyrkja.no

Kyrkjekontoret, pb 18, 6961 Dale

Telefon 57 73 97 70 Faks 57 73 97 77

Kyrkjekontoret er ope

måndag-torsdag kl.09.00-14.00

fredag kl.09.00-12.00

Tilsette med kontorplass:*Sokneprest Knut Arne Kummeneje*

Jobb: 57 73 97 73 Priv: 57 73 86 32

Mobil: 90 85 52 30

knut.arne.kummeneje@fjaler.kyrkja.no

Kyrkjeverje Irene Fløde

Jobb: 57 73 97 71 Priv: 57 73 68 82

kyrkjeverje@fjaler.kyrkja.no

Kantor Mark Taylor

Jobb: 57 73 97 74 Priv: 57 73 61 65

kantor@fjaler.kyrkja.no

Mark har fri kvar torsdag.

Seniorprest Sigurd Wahl Sande

Jobb: 57 73 97 75 Priv: 57 73 61 44

mobil: 90 89 73 17

sigurd.sande@fjaler.kyrkja.no

Sigurd har fri ei veke pr måned.

Sekretær Joy Taylor

Jobb: 57 73 97 72

kyrkjesekreter@fjaler.kyrkja.no

Joy er på kontoret

tysdag og fredag kl.09.00-13.00.

Trusopplæringsmedarbeidar

Bente Kandal tlf: 975 38 603

trusopplaering@gaular.kyrkja.no

Bente har kontorplass i Gaular.

Kyrkjetenarar:*Dale kyrkje*

Joy Taylor tlf: 57 73 61 65

Guddal kyrkje

Liv Svanhild og Reidar Langeland

tlf: 57 73 88 21

Hellevik- og Folkestad bedehuskapell

Sigrid Kleppe tlf: 57 73 53 57

Fjaler sokneråd

Leiar Terje Halsnes tlf: 57 73 55 95

Beredskapstelefon ved akutt behov utanom kontortid 95 48 31 52.

Flott kveld med Jessy Dixon

Tysdag 3. februar gav den verdskjende amerikanske gospelartisten Jessy Dixon konsert i Dale kyrkje med pianist Elsa Harris og korsongarar frå Cantus, Guddal familiekor og United World College. Omlag 50 korsongarar og 200 aktive tilhøyrarar var samla i Dale kyrkje til denne nær to timar lange konserten.

Foto: Joy Taylor og Sven Onnerstad



Lydteknikarane Kåre Sandvik og Alim Kaloko lot seg også rive med.



Det var god stemning blant publikum!



Natalino Soares Ornai Gutteres frå Aust Timor imponerte då han song saman med Jessy Dixon